



Kulturdepartementet

Dykkar referanse:
/

Vår referanse:
009/174.1.- 13 VH

Dato:
24. juni 2013

Kulturutredningen 2014 Høringsfråsegn frå Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

Generelt

LNK ser det som viktig at ein med jamne mellomrom vurderer den nasjonale kulturpolitikken heilskapleg. *Kulturutredningen 2014* er slik eit godt grunnlag for vidare utvikling av kulturpolitikken.

LNK deler utvalet si vurdering om at *den kulturelle grunnmuren* må prioriterast no, og støttar framlegget om eit *lokalt kulturløft*.

LNK er samd med utvalet når det i den historiske gjennomgangen viser korleis *den språkdelte norske kulturen* har vore avgjerande for å forme den norske kulturnasjonen av i dag. Men LNK saknar vurderingar av konsekvensar for språk generelt og nynorsk særleg på fleire ulike kulturområde som til dømes litteratur og film, og for tiltak som Den kulturelle skulesekken. Her har ikkje utvalet teke omsyn til *prinsippet nynorsk*, som det er referert til i utgreiinga (s. 170), og som vart ein del av norsk språkpolitikk gjennom Språkmeldinga (St.meld. nr.35 2007-2008).

*Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt.
[..]*

I Noreg har nynorsk vore ein nødvendig føresetnad for at mange nok skal bry seg om den språklege sida av livet. Det gjer prinsippet nynorsk til ein nødvendig føresetnad i moderne kulturpolitikk. (St.meld. nr.35 2007-2008, s. 82)

Kulturnasjon og mangfald

Utvalet syner i kapittel 4.18 *Kulturnasjon og mangfald* korleis målrørsla med fleire har vore avgjerande for å forme den norske kulturnasjonen av i dag. LNK meiner at dei spenningane som framleis ligg latente mellom språklege fleirtal og mindretal (bokmål/nynorsk) bør takast eksplisitt omsyn til i kulturpolitikken. Dette gjer ein best gjennom aktivt å støtte opp om det

LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

Postboks 7044 St. Olavs plass, 0130 Oslo

Telefon 22 33 14 00 – Post@LNK.no

Bankgiro 3450 07 00574 – Org.nr. 974 339 943

språklege mindretalet, for slik å fremje eit kulturelt mangfald og ta vare på det mangfaldet som har vore med på å gjere Noreg til den kulturnasjonen me er i dag.

Det er grunn til å snakke om tillit og likhetsorientering som kulturtrekk som er karakteristisk for Norge. Men i denne sammenhengen er det viktig å ha klart for seg at slike kulturelle egenskaper er noe som oppstår og vedlikeholdes gjennom sosiale og politiske historiske prosesser, og som kan gå tapt som følge av slike prosesser. [...] I denne forbindelse er det grunn til å minne om den sosiale mobiliseringen og politiske kampen de motkulturelle folkebevegelsene sto i sentrum for på 1800-tallet, som vi beskrev i kapittel 3. Blant historikere er disse prosessene en kjernefortelling om framveksten av det norske demokratiet og det tillitsbaserte samfunnet. Denne fortellingen dreier seg i en viktig forstand om samfunnets håndtering av kulturelt mangfold. (Kapittel 4.18 Kulturnasjon og mangfold, side 47)

Språkleg likedanning og globalt kulturmangfald

I kapittel 8.11 *Likedanning av kulturuttrykk* (side 83), peikar utvalet på korleis den globale massemedierte kulturen kan føre til språkleg likedanning, noko som er ei særleg utfordring for eit lite språksamfunn som Noreg. Utvalet kjem nærare inn på dette i kapittel 9.7 *Globalt kulturmangfold* (side 89):

Som det fastslås i den siste språkmeldingen, innebærer utbredelsen av bruken av engelsk de siste årene en fare for at norsk språk tilsidesettes på enkelte samfunns- og kulturarenaer. Det er derfor avgjørende at kulturpolitikken stimulerer til en bred produksjon av litteratur, musikk og audiovisuelle produkter på norsk. Her ligger en viktig oppgave for norsk kulturpolitikk på kort og lang sikt. (kapittel 9.7 Globalt kulturmangfold, side 89)

Utvalet peikar i gjennomgangen av historisk bakgrunn (Del I) ved fleire høve på korleis landsmål/nynorsk og målrørsla har vore viktig for å forme norsk kultur og kulturpolitikk (Kapitla 3.9 *Motkultur og kulturstrid* og 4.18 *Kulturnasjon og mangfold*). Det bør framleis vere eit eige kulturpolitisk mål å legge til rette for *den språkdelte norske kulturen*, slik det tidlegare er stadfesta i mellom anna i Stortingsmelding 35 (2007-2008) *Mål og mening* (til dømes kapitla 5.7.2 – 5.7.3)

Utvalet skriv (på side 89) «det er avgjørende at kulturpolitikken stimulerer til en bred produksjon av litteratur, musikk og audiovisuelle produkter på norsk» for å unngå at bruk av engelsk fører til at norsk språk vert sett til side på einskilde samfunns- og kulturarenaer. Då bør ein også tydeleggjere at det er avgjerande for den språkdelte norske kulturen at kulturpolitikken særleg stimulerer til produksjon på nynorsk. Ei slik erkjenning er diverre ikkje synleg i utvalets vurderingar vidare.

Nynorskens posisjon

Utvalet tek opp nynorskens posisjon under kapittel 11.7.4 *Virkninger på området for språk, litteratur og bibliotek* (side 170). Utvalet nemner her korleis styrking av nynorsk også er ei styrking av norsk språk generelt. Utvalet referer også til *prinsippet nynorsk*, som Språkmeldinga legg til grunn. Det er vanskeleg å sjå korleis utvalet har nytta prinsippet nynorsk på andre område i utgreiinga. Dette er ein veikskap ved utvalet sitt arbeid.

Litteratur- og språkpolitiske virkemiddel

LNK meiner at utvalet i sine vurderingar i kapittel 11.7.5 også burde ha gjort vurderingar av i kva grad dei litteraturpolitiske verkemidla følgjer opp gjeldande språkpolitikk og formuleringane i Kulturløftet I (punkt 11) og II (punkt 4) som særleg nemner nynorsk.

Dette er også ein veikskap med utgreiingar som utvalet har lagt til grunn for sine vurderingar, til dømes *Utredning om litteratur- og språkpolitiske virkemidler* (Oslo Economics, 2011). I Kulturdepartementet si høyring på denne utgreiinga har fleire høyringsinstansar, mellom anna Språkrådet, peika på nett denne veikskapen.¹

Tiltak på nett

LNK meiner at utvalet i for liten grad vurderer digital kultur, ut over kapittel 8.8, som er ein del av kapittelet *Kultur og samfunnsutvikling*. Talet på brukarar og tidsbruken på internett aukar, og internett vert slik ein stadig viktigare kulturarena. Samstundes viser tal frå Språkfakta at delen av nynorsk innhald på nett held seg på eit svært lågt nivå. For å nå måla for språkpolitikken og måla i Kulturløftet I og II om språk og nynorsk er det viktig at ein som del av nasjonal kulturpolitikk i større grad enn i dag støttar opp om nynorske tiltak på nett. Det er særleg trong for å støtte nasjonale tiltak og tiltak retta mot born og unge.

Film og dataspel

Lik tidlegare kommentar om litteraturpolitiske verkemiddel, hadde LNK ønskt at utvalet som del av si vurdering av film og dataspel ikkje berre vurderte konsekvensar for norsk språk generelt, men også for nynorsk særleg.

Den kulturelle skulesekken

LNK meiner utvalet også burde sett på språklege konsekvensar av Den kulturelle skulesekken, og då særleg konsekvensar for nynorsk. Dette er heller ikkje teke opp i «Den kulturelle skulesekken – et utredningsnotat – for Kulturutredningen 2014». Dette trass i at Stortingsmelding nr. 8 (2007–2008) *Kulturell skulesekk for framtida*, i kapittel 4.9 *Formidling av kunst og kultur på nynorsk* (side 44) tek opp dette:

Skal nynorsk som den minst brukte av målformene kunne hevde seg, er det om å gjere at born og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei kan få mot den sterke bokmålspåverknaden utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vere med å styrkje den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten byggje opp under dei pedagogiske målsetjingane i skulen og i større grad gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

¹ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2012/horing-av-utredning-av-litteratur--og-sp/horingsuttalelser.html?id=668562>

Vi kan ikkje sjå at det *språkpolitiske perspektivet* som vert teke opp i stortingsmeldinga frå 2007-2008 om Den kulturelle skulesekken, er følgt opp eller vurdert i ettertid. Dette er slik vi ser det i strid med prinsippet nynorsk (sjå *Kulturutredningen 2014* s. 170 og Stortingsmelding 35 (2007-2008) *Mål og mening* kapittel 5.7.4 s. 82)

Lokalt kulturløft

LNK deler utvalet si vurdering av at *den kulturelle grunnmuren* no må vere den høgste prioriteten i kultursektoren, og støttar framlegget om eit *lokalt kulturløft*. LNK ser at øyremerkning kan vere eit naudsynt tiltak på kort sikt, men meiner samstundes det er viktig at det vert sett i gang eit arbeid med å finne ut korleis ein på lengre sikt skal få bærekraftige ordningar som ikkje gjer kultursektoren prisgjeven kommuneøkonomien – slik utgreiinga dokumenterer at han er i dag.

Kulturskulen

LNK er positiv til utvalet sitt framlegg om å flytte ansvaret for Kulturskulen frå Kunnskapsdepartementet til Kulturdepartementet ut frå den argumentasjonen som vert presentert i utgreiinga (s. 307). Dette kan i seg sjølv også vere med på å styrkje det lokale kulturløftet.

Bibliotek

Utvalet tek på side 255 opp behovet for kompetanseutvikling i biblioteksektoren og nemner framlegget i Bibliotekmeldinga (St.meld. nr.23 2008-2009) om eit kompetanseutviklingsprogram for folkebiblioteka, jf. Bibliotekmeldinga sitt kapittel 9.6 *rammeprogram for kompetanseutvikling* (side 106). Utvalet seier også på side 255 at «Forslagene i Bibliotekmeldingen har til nå i liten grad blitt fulgt opp av departementet».

LNK vil særleg peike på behovet for auka kunnskap om den norske språksituasjonen, og behovet for digital kompetanse i biblioteksektoren. Vi meiner det trengst ei styrkt nasjonal tilrettelegging på desse områda – både gjennom den bibliotekfaglege utdanninga og gjennom eigne kompetanseutviklingstiltak i biblioteksektoren.

Med vennleg helsing

Vidar Høviskeland
dagleg leiar (s)